

Soknerådsmøte i Moster sokneråd

tysdag 10.04.18 kl.19:00

Desse møtte: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit, Inger Marie Gjerde, Per Harald Gjerde, Elin Taranger, Mona Ingvaldsen Hodne, Aksel Lygre. 2.vara: Magnhild Nøstbakken

Sak 30 – 2018 Godkjenning av innkalling og møtebok av 06.03.18

Innkalling og møtebok godkjend

Sak 31 – 2018 Oppfølging av tidlegare saker.

- Konfirmasjonsfesten er i rute planmessig og programmessig
- Status godkjenning av preikestolsklede m.m. Følgje opp kontakten med konsulenten på bispekontoret.
- Kort evaluering av KN-aksjon: Det kom inn 10000 kroner mindre i år. Litt færre ruter vart gjennomført. Det er viktig å sende ut konfirmantane saman med foreldra, og at alle veit kva pengane skal gå til. KN-aksjonen må femne vidt, slik at heile kyrkjelyden kjenner eigarskap til aksjonen.

Sak 32 – 2018 Evaluering og oppfølging av årsmøte.

Årsmøtereferatet er sendt ut, og vil få protokollsSignatur. Så vert det sendt til fellesrådet, prost og biskop.

Sak 33 – 2018 Dugnadstilbod om utbetring av inngangsparti rundt Moster kyrkje.

Representant frå Fellesrådet, Soknerådet og Landmark Maskin vil i næraste framtid ha eit møte om omfanget på arbeidet, og korleis arbeidet skal gjerast.

Sak 34 – 2018 Møte for kreativ drøfting og planlegging av kyrkjelydsarbeidet i Moster sokn.

Dato og tid: Laurdag 22. september kl. 11.00-15.00. føredragshaldar: Prost, Svein Arne Theodorsen. Lokale: Moster kyrkje. Agenda/innhald: Foredrag og samtale rundt kyrkjelydsarbeidet. B.l.a. auka innvolvering i gudstenesta, auka oppslutnad og engasjement rundt gudstenesta.

Konkrete punkt må på agendaen.

Ein komité vert sett ned: Aksel Lygre, Gunnvald Bjotveit og Elin Taranger.

Sak 35 – 2018 Skal me slå saman trusopplæringstiltak for 12-åringar til eitt arrangement for alle kyrkjelydane?

Soknerådet går inn for å ha dette som eit fellesarrangement **i 2018**

Moster Sokneråd legg til grunn at arrangementet vert evaluert i etterkant.

Sak 36 – 2018 Skal me arrangera ein miljødugnad etter nokre gudstenester?

T.d. i samband med gudstenesta den 26. august. Evaluering i etterkant, om ein skal gjere dette som ei årleg hending.

Sak 37 – 2018 Referat og meldingar

- Samrådsmøte 17.04. med bedehusa: sakliste godkjend og innkalling vert sendt ut.
- Bønesamlingar før gudstenester: Rune Sivertsen følgjer opp saka

Sak 38-2018 Framlegg til budsjettpostar for Moster sokn.

Ynskje om ny datamaskin, vedlikehald varmepumpe, vedlikehald vindauger i kyrkja. Vedlikehald på toalett. Ny miksepult/lydanlegg. Teleslynge må leggjast under golv.

Sak 39-2018 Innskot, kontantar:

Saka vert tatt opp i Fellesrådet

Per Harald Gjerde

Skrivar